



DET KONGELEGE  
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

# Prop. 20 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2017 under Nærings- og fiskeridepartementet

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 24. november 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2017 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

I Prop. 129 S (2016–2017) *Tilleggsøyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017* vart det løyvd 5 mill. kroner på Utanriksdepartementet sitt kapittel 118, post 70 for Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland til etablering av eit senter for hav og arktiske spørsmål i Tromsø. Nærings- og fiskeridepartementet har overteke ansvaret for etableringa av senteret.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner, frå 89 til 94 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga under kap. 118, post 70.

*Post 23 (ny) Digital Norway/Toppindustrisenteret AS*

Digital Norway/Toppindustrisenteret AS er eit næringslivsdreive initiativ som skal samle kompetanse og skape ein nasjonal arena for samhandling og deling av kunnskap, erfaringar, teknologiar og forretningsmodellar. Formålet er at norsk næringsliv får utnytta dei moglegheitene som ligg i auka digitalisering.

I Prop. 129 S (2016–2017) *Tilleggsøyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017* vart det foreslått at Nærings- og fiskeridepartementet ville nytte 2 mill. kroner av løyvinga over kap. 900, post 75 Tilskot til særskilde prosjekter til senteret. I juli 2017 inngjekk NFD ein samarbeitsavtale med senteret, som inneber eit strategisk medlemskap i tre år. Medlemskontingenten er sett til 2 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 2 mill. kroner på ny post 23 mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 900, post 75.

*Post 30 Miljøtiltak Søve, kan overførast*

Staten har teke på seg å finansiere og gjennomføre opprydding etter verksemda til AS Norsk Bergverk ved Søve i Telemark. På grunn av utfordringar med å finne eit godkjend deponi for mot-

tak av massane frå Søve, har tildeling av oppdraget med opprydding tidlegare blitt utsett. Det er p.t berre ein aktuell deponiaktør i Noreg. Planlagt gjennomføring av oppryddinga er i 2018 dersom ein får til ein avtale med deponiet. Det visast til nærare omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Nærings- og fiskeridepartementet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 19,9 mill. kroner, frå 20,2 til 0,4 mill. kroner i 2017.

#### *Post 60 Overføring til fylkeskommunane for tilskot til regional næringsutvikling*

I 2017 har det vorte løyvd midlar til sykkelrittet Arctic Race of Norway. Løyvinga handterast av dei tre fylkeskommunane i Nord-Noreg. Fylkeskommunane har inngått kontrakt med arrangøren, Arctic Race of Norway AS, om eit fast årleg beløp på 15 mill. kroner i perioden 2016–2018.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 0,4 mill. kroner, frå 15,4 til 15 mill. kroner.

#### *Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar*

Noreg er medlem av ei rekkje internasjonale organisasjonar og kommisjonar som er viktige for norsk nærings- og fiskeripolitikk. Ein av desse organisasjonane er den nordatlantiske ispatruljetenesta (NAIP) som overvakar og rapporterer om isforhold i det nordlege Atlanterhavet. Departementet skal årleg få refusjonskrav frå det amerikanske utanriksdepartementet for Noregs medlemskap i NAIP, men i 2016 kom det ikkje noko krav. Dette skuldast at den amerikanske kystvakta ikkje fekk naudsynt informasjon frå Canada i tide. Difor har departementet motteke to krav om refusjon i 2017.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner, frå 38,9 til 41,4 mill. kroner.

#### *Post 71 Miljøtiltak Raufoss*

Ved Stortinget si handsaming av Prop. 129 S (2016–2017) *Tilleggsloøyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017* blei løyvinga til refusjonar for miljøtiltak ved opprydding av historisk forureining på Raufoss auka frå 3,2 til 9 mill. kroner. Basert på oppdatert informasjon er det samla behovet no anslått til 7,1 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,9 mill. kroner, frå 9 til 7,1 mill. kroner.

#### *Post 75 Tilskot til særskilde prosjekt, kan overførast*

Det visast til omtale under kap. 900, post 23.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, frå 11,9 til 9,9 mill. kroner.

#### *Post 79 Tilskot til Mechatronics Innovation Lab*

I Saldert budsjett for 2017 blei det løyvd 30 mill. kroner i tilskot til Mechatronics Innovation Lab (MIL), og i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2017 blei det løyvd ytterlegare 30 mill. kroner. Det er løyvd 40 mill. kroner i tilskot til prosjektet, i 2015 og 2016, slik at samla løyving er 100 mill. kroner. Det er førebels utbetalt 59 mill. kroner, og det står att 41 mill. kroner. Det er lite truleg at noko av dette kan utbetalast i 2017, ut i frå vilkåra for utbetaling av tilskotet.

Av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at løyvinga i 2017 vert redusert med 41 mill. kroner til 19 mill. kroner, og at det vert fremja ei tilsegnfullmakt på kap. 900 post 79 på 41 mill. kroner, jf. forslag til vedtak IV.

### **Kap. 905 Noregs geologiske undersøking**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Ved Stortinget si handsaming av Prop. 129. S (2016–2017) *Tilleggsloøyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017* blei løyvinga auka med 8 mill. kroner til kjerneboringar på Fernsfeltet i Telemark. Arbeidet er forsinka, og det ligg ikkje an til at heile løyvinga vil bli brukt i 2017. Kontrakt med borefirma er signert, og det er ønskelig å leggje til rette for at NGU kan halde planlagt framdrift i kjerneboringa som vil skje dels i 2017 og 2018.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at post 01 driftsutgifter vert tilføyd stikkordet «*kan overførast*».

### **Kap. 909 Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk**

#### *Post 73 Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, overslagsloøyving*

Tilskotsordninga for sysselsetjing av sjøfolk er ei regelstyrt ordning. Overslagsloøyvinga er såleis basert på venta utbetalningar etter gjeldande regelverk i budsjettåret 2017. Overslagsloøyvinga for 2017 er på 2 127 mill. kroner og tek utgangspunkt i eit venta gjennomsnitt på om lag 12 000

sjøfolk i ordninga. Frå og med 1. juli 2017 blei grensa for maksimale utbetalingar av tilskot for sjøfolk på NIS-registrerte lasteskip i utanriksfart som fraktar olje, gass, kjemikaliar eller ro/ro-last fjerna.

Talet på sjøfolk i ordninga har vore lågare enn venta så langt i 2017, og nedgangen som blei varsla i Prop. 129 S (2016–2017) har blitt større gjennom året. Nedgangen i det samla talet på sjøfolk i ordninga skuldast i hovudsak ein reduksjon i talet på sjøfolk i tilskotsmodellen for NOR-skip i petroleumsværksemd. Reduksjonen kan sjåast i samanheng med dei utfordrande forholda i offshoremarknaden generelt. Samstundes har talet på sjøfolk vore stabilt og til dels stigande i fleire av dei andre modellane i ordninga. Regjeringa legg no til grunn eit venta gjennomsnitt på om lag 11 100 sjøfolk i ordninga i 2017. Med bakgrunn i utviklinga i talet på sjøfolk i ordninga kan løyvinga reduserast med om lag 170 mill. kroner. Departementet vil understreke at berekninga er usikker og at utbetalingar i ordninga mellom anna påverkast av talet på sjøfolk i ordninga og deira lønsnivå.

På grunnlag av desse endringane gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 170 mill. kroner, frå 2 127 til 1 957 mill. kroner.

### **Kap. 910 Sjøfartsdirektoratet**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Sjøfartsdirektoratet har så langt i år hatt eit høgare aktivitetsnivå enn det som vart lagt til grunn i Prop. 1 S (2016–2017). Aktiviteten er knytt til nybygging og ombygging av fartøy i Norsk Internasjonal Skipsregister (NIS) og nyregistreringar i NIS. Dette har ført til auka gebyrbelagde tilsynsoppgåver frå Sjøfartsdirektoratet si side. Det visast til omtale under kap. 3910, post 01 og 04.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2,4 mill. kroner, frå 382,2 til 384,6 mill. kroner, mot tilsvarande auke av inntektene under kap. 3910.

### **Kap. 917 Fiskeridirektoratet**

#### *Post 22 Fiskeriforskning og- overvaking, kan overførast*

Løyvinga på posten motsvarast av inntekter frå fiskeriforskningsavgifta, jf. kap. 5575, post 74 Fiskeriforskningsavgift. Det er høgare anslag for

førstehandsverdien på omsetning av fisk i 2017 enn det som er lagt til grunn i Saldert budsjett 2017.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5,6 mill. kroner, frå 62,6 til 68,2 mill. kroner.

### **Kap. 919 Diverse fiskeriformål**

#### *Post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar*

I 2013 ble det utlyst 45 nye løyve til lakse- og ørretoppdrett. Eitt av dei tildelte løyvene vart ikkje teke i bruk. Dette løyvet vart lyst ut på nytt i 2016, og vart tildelt i 2017. På grunn av behandling av klage på tildelinga er ikkje vederlaget innbetalt. Evt. utbetaling i 2017 kan gjerast innafor overførte midlar på posten.

På denne bakgrunn gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at løyvinga reduserast frå 8 mill. kroner til 0.

### **Kap. 922 Romværksemd**

#### *Post 71 Internasjonal romværksemd*

Utgifter ved deltaking i internasjonal romværksemd blir utbetalt i euro og amerikanske dollar. Norsk Romsenter har utbetalingar i euro til den europeiske romorganisasjonen ESA og EASP-avtalen og i amerikanske dollar til det kanadiske radarsatellittprogrammet, Radarsat. Utbetalinga har vore til andre valutakursar enn dei som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2017.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 8,1 mill. kroner, frå 419,3 til 411,2 mill. kroner.

#### *Post 73 EU sine romprogram*

Kontingent for norsk deltaking i romprogramma til EU blir utbetalt i euro. Eurokursen har endra seg i løpet av budsjettåret samanlikna med kursen som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2017. Ved Stortinget si handsaming av Prop. 129 S (2016–2017) *Tilleggsloyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017* blei løyvinga redusert med 43 mill. kroner som følgje av endra kursar. Endringane i innbetalingar til EU på grunn av endra valutakurs utgjer ein auke på 5,7 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5,7 mill. kroner, frå 237,2 til 242,9 mill. kroner.

## Kap. 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram

### Post 70 Tilskot

Løyvinga dekkjer kontingentar til Europakommisjonen for norsk deltaking i EU-program som Nærings- og fiskeridepartementet har fagansvar for. Ved utarbeidinga av statsbudsjettet for 2017 var ikkje Europakommisjonen sitt budsjett klart. Etter å ha motteke budsjettal frå EU i byrjinga av året, og oppdatert anslaga for ein lågare eurokurs, vart løyvinga redusert med 20,3 mill. kroner til 28,3 mill. kroner i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2017. Faktiske utbetalingar til Europakommisjonen vart høgare enn det som da vart lagt til grunn fyrst og fremst som følgje av ein høgare eurokurs.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,8 mill. kroner, frå 28,3 til 30,1 mill. kroner.

## Kap. 925 Havforskningsinstituttet

### Post 22 Fiskeriforskning og –overvaking, kan overførast

Løyvinga på posten motsvarast av inntekter frå fiskeriforskningsavgifta, jf. kap. 5574 post 74 Fiskeriforskningsavgift. Det er høgare anslag for førstehandsverdien på omsetning av fisk i 2017 enn det som er lagt til grunn i Saldert budsjett 2017.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 10,6 mill. kroner, frå 139,2 til 149,8 mill. kroner.

## Kap. 927 NIFES

### Post 01 Driftsutgifter

Frå 2017 skal pensjonskostnader dekkjast av den enkelte verksemda. Det vart lagt inn kompensasjon for dette i 2017-budsjettet. For NIFES vart heile kompensasjonen lagt på kap. 927, post 01. Det først også lønskostnader på post 21 og post 22. For å fordele kompensasjonen riktig mellom postane, gjerast det framlegg om å redusere løyvinga på kap. 927, post 01 med 5,8 mill. kroner, samtidig som løyvinga på kap. 927, post 21 aukast med 5,2 mill. kroner og løyvinga på kap. 927, post 22 aukast med 0,6 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 5,8 mill. kroner, frå 99,1 mill. kroner til 93,3 mill. kroner.

### Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Det visast til omtale under kap. 927, post 01 om fordeling av kompensasjon for omlegging av modellen for premiebetaling til Statens pensjonskasse. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 5,2 mill. kroner, frå 66,1 mill. kroner til 71,3 mill. kroner.

### Post 22 Fiskeriforskning og- overvaking, kan overførast

Løyvinga på posten motsvarast av inntekter frå fiskeriforskningsavgifta, jf. kap. 5575, post 74 Fiskeriforskningsavgift. Det er høgare anslag for førstehandsverdien på omsetning av fisk i 2017 enn det som er lagt til grunn i Saldert budsjett 2017. Det gjerast difor framlegg om å auke løyvinga på posten med 2 mill. kroner.

Det visast til omtale under kap. 927, post 01 om fordeling av kompensasjon for omlegging av modellen for premiebetaling til Statens pensjonskasse. Det gjerast framlegg om å auke løyvinga på kap. 927, post 22 med 0,6 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,6 mill. kroner, frå 13,8 til 16,4 mill. kroner.

## Kap. 935 Patentstyret

### Post 01 Driftsutgifter

Som følgje av auka aktivitet, gjerast det framlegg om å auke løyvinga på posten med 2,2 mill. kroner. Årsaka er fleire patent- og varemerkesøknader enn venta. Handsaminga i Patentstyret fører til auka ressursbruk i etaten, dels i 2017, dels i seinare år.

Som følgje av at Klagenemnda for industrielle rettar (KFIR) frå 1. januar 2017 tok over ansvaret for Meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar gjerast det framlegg om å overføre 0,2 mill. kroner frå Patentstyret til KFIR. Det visast til omtale under kap. 936, post 01.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner, frå 238,9 til 240,9 mill. kroner.

## Kap. 936 Klagenemnda for industrielle rettar

### Post 01 Driftsutgifter

Klagenemnda for industrielle rettar (KFIR) har i 2017 hatt uventa høge utgifter til løn og honorar til medlemmene i Meklingsnemnda for arbeidstakar-

oppfinningar. KFIR overtok ansvaret for nemnda frå Patentstyret frå 1. januar 2017. Normalen har tidlegare vore om lag éi sak kvart år. Talet på saker som vart behandla i 2017 er fire. Løn og honorar for kvar sak i Meklingsnemnda kjem på om lag 50 000 kroner i gjennomsnitt.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner, frå 7,8 til 8,0 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 935, post 01.

### Kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

I Saldert budsjett 2017 er det løyvd 23,3 mill. kroner til å dekkje utgifter og fagleg bistand i samband med aksjetransaksjonar i selskap under Nærings- og fiskeridepartementet si forvaltning. Posten skal òg dekkje konsulentbistand ved eigar- og strukturmessige vurderingar og VPS-avgifter. Dei samla utgiftene for 2017 er anslått til om lag 14,2 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 9,1 mill. kroner, frå 23,3 til 14,2 mill. kroner.

### Kap. 2421 Innovasjon Noreg

#### *Post 70 Basiskostnader*

Ved Stortinget si handsaming av Prop. 129 S (2016–2017) *Tilleggs-løyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017* blei løyvinga auka med 2,5 mill. kroner til Innovasjon Noreg sine utgifter med å opprette og forvalte eit statleg koinvesteringsfond for Nord-Noreg i 2017. For at midlane som løyvast over posten skal vere i tråd med regelverket for posten, bør midlane løyvast over post 74.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga 2,5 mill. kroner, frå 169 til 166,5 mill. kroner mot tilsvarende auke under post 74.

#### *Post 74 Reiseliv, profilering og kompetanse, kan overførast*

Det vises til omtale under kap. 2421, post 70.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner, frå 514,9 mill. kroner til 517,4 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje Innovasjon Noreg sine utgifter med å opprette og for-

valte eit statleg koinvesteringsfond for Nord-Noreg i 2017.

#### *Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemd, overslagsløyving*

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Innovasjon Noreg refinansierer utlånsporteføljen ved å ta opp kort- og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid på frå to månader til fleire år, avhengig av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag bruttoførast, dvs. at beløpa utgifts- og inntektsførast (akkumulert) kvar gong Innovasjon Noreg tek opp eller tilbakebetalar eit lån i statskassa. Løyvinga vil variere meir som følgje av kor ofte ein refinansierer innlåna enn som følgje av endringar i utlånsvolumet. Avdrag på innlåna blir inntektsførde under kap. 5325. Løyvingsendringane på statsbudsjettet 2017 er basert på realiserte innlån og avdrag for resten av året. Innlåna har auka noko ut over det som låg til grunn ved Saldert budsjett 2017. Dette inneber òg at avdraga blir auka jf. omtale under kap. 5325, post 90.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 4,6 mrd. kroner, frå 41,9 til 46,5 mrd. kroner.

### Kap. 2429 Eksportkreditt Noreg AS

#### *Post 90 Utlån*

I Saldert budsjett 2017 vart det løyvd 12 mrd. kroner til utlån under statens eksportkredittordning, som Eksportkreditt Noreg forvaltar. Nytt anslag for utlån under ordninga er 3,8 mrd. kroner. Årsaka til reduksjonen er færre nye utlån til selskap knytt til petroleumsnæringa og maritime næringar enn venta ved inngangen av året.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 8,2 mrd. kroner, frå 12 til 3,8 mrd. kroner.

### Kap. 3902 Justervesenet

#### *Post 01 Gebyrinntekter*

Justervesenet sin finansieringsmodell blei endra i 2016 for å gjere det enklare å gjennomføre meir risikobasert tilsyn. Satsane for gebyr og årsavgift, som då blei fastsette ut frå eit estimat på tidsbruk og ressursbruk og basert på prinsippet om 100 pst. brukarfinansiering, har ikkje gitt tilstrekkelege inntekter til å fullt ut dekkje dei reelle kostna-

dane for tilsynsverksemda i år. Justervesenet har arbeidd med å betre logistikk og effektivitet i planlegginga av tilsyn, og Justervesenet vil saman med departementet vurdere innretninga på gebyr og avgifter med sikte på å få ein balanse mellom inntekter og utgifter for den brukarfinansierte verksemda frå 2018. For å dekkje inn delar av inntektsavviket i 2017, har Justervesenet arbeidd for å auke inntektene frå sal av tenester, jf. kap. 3902, post 03.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 8 mill. kroner frå 38,2 til 30,2 mill. kroner.

#### *Post 03 Inntekter frå sal av tenester*

Justervesenet har auka aktivitet knytt til sal av tenester i 2017.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner, frå 16,35 til 21,35 mill. kroner.

#### *Post 86 (ny) Overtredelsesgebyr*

Ved alvorlege brot på regelverket kan Justervesenet gi overtredelsesgebyr. Departementet gjer framlegg om å opprette ein ny inntektspost for desse gebyra for å skilje lovbrotsgebyra frå andre inntekter.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 60 000 kroner under ny post 86.

### **Kap. 3904 Brønnøysundregistra**

#### *Post 01 Gebyrinntekter*

Gebyra i Brønnøysundregistra har auka meir enn det som vart lagt til grunn i Prop. 1 S (2016–2017). Det er i hovudsak gebyr til tinglysning for salspant i motorvogn som er årsak til aukinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 40 mill. kroner, frå 500 til 540 mill. kroner

### **Kap. 3910 Sjøfartsdirektoratet**

#### *Post 01 Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR og post 04 Gebyr for skip i NIS*

Sjøfartsdirektoratet har hittil i år hatt eit høgare aktivitetsnivå enn det som vart lagt til grunn i Prop. 1 S (2016–2017). Auken er knytt til nybygging og ombygging av fartøy og nyregistreringar i Norsk Internasjonal Skipsregister (NIS). Dette

har ført til fleire tilsyn frå Sjøfartsdirektoratet og auka gebyrinntekter. For post 04 utgjer dette om lag 3,8 mill. kroner. Under kap. 3910, post 01 Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR er det berekna ei mindreinntekt på om lag 1,4 mill. kroner. Netto meirinntekt blir 2,4 mill. kroner.

Med denne bakgrunn gjerast det framlegg om å redusere løyvinga under post 01 med 1,4 mill. kroner, frå 185,6 til 184,2 mill. kroner og ei auke under post 04 på 3,8 mill. kroner frå 44,4 til 48,2 mill. kroner. Under kap. 910, post 01 gjerast det framlegg om å auke løyvinga med 2,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 910 post 01.

### **Kap. 3911 Konkurransetilsynet**

#### *Post 86 Lovbrotsgebyr*

Konkurransetilsynet kan gje pålegg om gebyr mellom anna ved brot på konkurranselova sitt forbod mot konkurranseavgrensande samarbeid, forbod mot å nytte dominerande stilling og påbod om ordinær melding av føretakssamanslutningar. Tilsynet kan òg gje pålegg om tvangsmulkt for å tvinge fram etterleving av eit enkeltvedtak etter konkurranselova.

For 2017 er det berekna at Konkurransetilsynet vil få inn 12,7 mill. kroner i lovbrotsgebyr.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 12,6 mill. kroner, frå 0,1 til 12,7 mill. kroner.

### **Kap. 3917 Fiskeridirektoratet**

#### *Post 13 Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar*

I 2015 fekk oppdrettarane tilbod om kapasitetsauke på 5 pst. på alle løyve, mot eit vederlag på 1 mill. kroner og strenge krav når det gjeld lakselus. Endeleg frist for å ta i bruk auken og betale vederlag har blitt forlenga frå 1. desember 2016 til 1. mars 2017. Tilbodet blei nytta for 37 løyve i 2017. Løyvinga på posten må derfor aukast med 37 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 37 mill. kroner, frå 10 til 47 mill. kroner.

#### *Post 86 Forvaltningssanksjonar*

Inntektene på posten gjeld tvangsmulkt og overtredelsesgebyr for havbruk og tilsvarende sanksjonar etter havressurslova.

Det er fakturert gebyr for i underkant av 3,6 mill. kroner i 2017.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,6 mill. kroner, frå 1 mill. kroner til 3,6 mill. kroner.

### **Kap. 3935 Patentstyret**

#### *Post 02 Inntekter knytt til NPI*

Patentstyret sine inntekter gjennom NPI vil bli lågare enn det som vart lagt til grunn i Saldert budsjett 2017.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 0,4 mill. kroner, frå 4,1 til 3,7 mill. kroner.

#### *Post 03 Gebyr immaterielle rettar*

Som følge av fleire innkomne patentsøknader og fleire valideringar av europeiske patent vil Patentstyret sine inntekter bli høgare enn det som vart lagt til grunn i Saldert budsjett 2017.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 13,9 mill. kroner, frå 72 til 85,9 mill. kroner.

### **Kap. 3950 Forvaltning av statleg eigarskap**

#### *Post 96 Sal av aksjar*

I Saldert budsjett 2017 er det løyvd 25 mill. kroner frå moglege statlege aksjesal. Endelege og fullstendige inntektsbeløp for dei einskilde aksjesala er føresett løyvd i løpet av budsjettåret når transaksjonane er avklara eller gjennomførde, enten i egne proposisjonar eller i dei faste endringsproposisjonane i vår- og haustsesjonen. Det har ikkje hittil i år vore nokre slike sal.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 25 mill. kroner, frå 25 mill. kroner til 0 kroner.

### **Kap. 5325 Innovasjon Noreg**

#### *Post 90 Avdrag på uteståande fordringar*

Posten omfattar avdrag på lån som Innovasjon Noreg har teke opp i statskassa. Det visast til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421, post 90 ovanfor. Som følge av noko høgare opptak av lån enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2017, er det behov for å auke løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 4,8 mrd. kroner frå 41,4 til 46,2 mrd. kroner.

### **Kap. 5329 Eksportkreditt Noreg AS**

#### *Post 70 Gebyr m.m.*

I Saldert budsjett 2017 vart det løyvd 30 mill. kroner til inntekter på gebyr under eksportkredittordninga. Nytt anslag er 15 mill. kroner. Anslaget under løyvinga er redusert som følge av lågare volum på utbetalingar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 15 mill. kroner, frå 30 til 15 mill. kroner.

#### *Post 90 Avdrag på uteståande fordringar*

I Saldert budsjett 2017 vart det løyvd 10,7 mrd. kroner til inntekt frå avdrag under eksportkredittordninga. Eksportkreditt Noreg anslår at avdrag på uteståande fordringar i 2017 vil bli 3,5 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn i Saldert budsjett. Hovudårsaka til reduksjonen i anslaget er færre fortidige innfriingar av lån og færre utbetalingar av nye lån enn tidlegare anslått. I tillegg er det gjennomført restrukturering og implementert utsetjing av avdrag for fleire låntakarar knytt til olje, gass og maritime næringer, noko som har verknad på mottekne avdragsinnbetalingar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mrd. kroner, frå 10,7 til 7,2 mrd. kroner.

### **Kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet**

#### *Post 72 Kontroll- og tilsynsavgift akvakultur*

Bokførte inntekter gjeld innbetalingar knytt til tidlegare år.

Det er no anslått å vere grunnlag for å fakturere avgifter for i overkant av 27 mill. kroner i 2017. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2,3 mill. kroner, frå 29,6 til 27,3 mill. kroner.

#### *Post 74 Fiskeriforskningsavgift*

Det vil bli høgare inntekter på denne posten som følge av høgare anslag på førstehandsverdien på omsetning av fisk i 2017 enn det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2017.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 18,2 mill. kroner, frå 236 til 254,2 mill. kroner.

*Post 75 Tilsynsavgift Justervesenet*

Satsane for årsavgift gjer ikkje tilstrekkelege inntekter til å nå inntektskravet for tilsynsverksemda. Justervesenet vil saman med departementet vurdere innretninga på gebyr og avgifter med sikte på å få ein balanse mellom inntekter og utgifter for den brukerfinansierte verksemda frå 2018.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, frå 46,6 til 44,6 mill. kroner.

**Kap. 5625 Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg***Post 80 Renter på lån frå statskassa*

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån til låneordningane sine til valfri løpetid og ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Det visast til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421, post 90. Som følgje av faktiske renteinntekningar og prognosar for resten av året er det grunnlag for å redusere løyvinga på grunn av lågare rentesatsar enn tidlegare lagt til grunn.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 25 mill. kroner, frå 140 til 115 mill. kroner.

**Kap. 5629 Renter frå eksportkredittordninga***Post 80 Renter*

I Saldert budsjett 2017 vart det løyvd 1 800 mill. kroner i inntekter frå renter under eksportkredittordninga. Nytt anslag er 1 730 mill. kroner. Hovudårsaka til reduksjon av anslaget er færre utbetalingar av nye lån enn venta, og ein styrka kronekurs som gjer renteinntekningar i enkelte valutaer mindre verd i norske kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 70 mill. kroner, frå 1 800 til 1 730 mill. kroner.

**Kap. 5656 Aksjar i selskap under NFD si forvaltning***Post 85 Utbyte*

I høve til tidlegare overslag for utbyte, som blei auka til 15 701,1 mill. kroner i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2017, er innbetalt utbyte frå selskapa 18,1 mill. kroner høgare. Dette skuldast hovudsakeleg at utbyte frå Entra ASA blir 18,4 mill. kroner høgare enn lagt til grunn i revidert budsjett 2017. I tillegg er det nokre mindre endringar i innbetalt utbyte frå andre selskap.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 18,1 mill. kroner frå 15 701,1 til 15 719,2 mill. kroner.

**3 Andre saker****Kap. 2421 Innovasjon Noreg***Post 51 Tapsfond, såkornkapitalfond*

Såkornfonda som vart oppretta i perioden 2006–2008 er i ein exit-fase og det nærmar seg avslutning av fonda. For å sikre avkastninga til fonda gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at Innovasjon Norge får fullmakt til å godkjenne endringer når det gjeld forvaltar og lokalisering av forvaltar, jf. framlegg til vedtak III. Innovasjon Norge får fullmakt til å:

- i. inngå avtale om bytte av forvaltar og godkjenne endringar i samansetjing av teamet
- ii. godkjenne endringar i eit fonds administrative lokalisering og lokalisering av forvaltar

Innovasjon Noreg må dokumentere og rapportere på utøvinga av fullmakta når den nyttas til Nærings- og fiskeridepartementet og i den årlige rapporteringa for såkornfond til departementet.

*Post 80 Næringstiltak på Svalbard, kan overførast*

Ved Stortinget si handsaming av Prop. 23 S (2015–2016) vart det vedteke ei løyving på 20 mill. kroner til næringstiltak på Svalbard under Innovasjon Noreg. Midlane kan finansiere arbeid knytt til auka nærvær, mobilisering for å få fram gode prosjekt og støtte til innovative prosjekt.

Innovasjon Noreg har sidan mars 2016 hatt ein person til stades i Longyearbyen. Innovasjon Noreg har jobba både mot store og små enkelt-selskap, og arbeidd for samarbeid og større prosjekter spesielt i Longyearbyen. Innovasjon Noreg har så langt gitt tilsegn for rundt 14,6 mill. kroner av midlane som vart løyvd i 2015. Rundt 6,4 mill. kroner er allereie utbetalt, og 8,2 mill. kroner av desse tilsegnene vil kome til utbetaling i 2018 eller 2019. Midla har så langt vorte overført, jf. løyvingreglementet si heimel til å overføre ubrukt løyving til dei to følgjande budsjettåra når løyvinga har stikkordet *kan overførast*.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer no framlegg om ei tilsegnfullmakt på 8,2 mill. kroner på kap. 2421, post 80. Tilsegnfullmakta vil



dekke dei innvilga tilsegna som vil kome til utbetaling i 2018 eller 2019.

#### 4 Orienteringssaker

---

##### *Oppfølging av anmodningsvedtak nr. 115 (2016–2017)*

Det visast til omtale i Prop. 1 S (2017–2018) av departementets oppfølging av Stortinget sitt vedtak nr. 115 (2016–2017) av 8. desember 2016 om bl.a. samanslåing av Investeringsfond for Nordvest-Russland og Investeringsfond for Øst-Europa. Det sammenslåtte investeringsfondet er foreslått forvalta gjennom eit aksjeselskap kor staten sine eigarinteresser leggast til og forvalta av Innovasjon Noreg. Det presiserast at det er ein underliggjande føresetnad at tap på investeringsfondets kapital, løyvd i 1996 og 1997, ikkje skal belaste Innovasjon Noreg sitt rekneskap og eigenkapital.

##### *Orientering om nytt isgåande forskningsfartøy, kap. 926 post 45, kan overførast*

I løyvinga for 2017 og i forslaget for 2018 er det lagt til grunn at det isgåande forskningsfartøyet skal overleverast innan utgangen av 2017. I forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2017 blei det varsla at regjeringa skulle kome tilbake til Stortinget vedrørande bygginga av det isgåande forskningsfartøyet «Kronprins Haakon» i samband med haustens endringsproposisjon.

Prosjektet legg no til grunn at fartøyet vil overleverast i februar 2018. Det ligg derfor an til at siste betalingstermin, som skal betalast ved leve-

ring og aksept av fartøyet, ikkje vil forfalle til utbetaling i 2017. Det er likevel framleis noe usikkerheit knytt til framdrifta i prosjektet, mellom anna på grunn av ei pågåande voldgiftssak mellom Havforskningsinstituttet og byggjeverftet Fincantieri i Italia. Denne voldgiftssaka skal etter planen avsluttast i desember 2017. Utfallet av denne saka vil kunne påverke storleiken på siste betalingstermin. I tillegg er det usikkerheit knytt til euro-kursen ved utbetalingstidspunktet. Det er løyvd 972,1 mill. kroner til prosjektet i 2017, av dette er det per 16.11. utbetalt 93,2 mill. kroner.

##### *Andøya Space Center AS*

Andøya Space Center AS arbeider med å utgreie moglegheitene for å etablere ein oppskytingsbase for småsatellittar på Andøya. Andøya Space Center AS har søkt Nærings- og fiskeridepartementet om støtte til ein moglegheitsstudie som kan leggje grunnlaget for ei eventuell framtidig investeringsbeslutning. Regjeringa er positiv til å bidra til å avklare om fasilitetar for oppskyting av småsatellittar kan gi grunnlag for lønnsame arbeidsplassar på Andøya på kommersielt grunnlag og utan behov for subsidier frå staten. Regjeringa vil på bakgrunn av dette kome tilbake til Stortinget om saka i 2018.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2017 under Nærings- og fiskeridepartementet.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under Nærings- og fiskeridepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2017 under Nærings- og fiskeridepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2017 blir det gjort følgende endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
900		Nærings- og fiskeridepartementet	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med..... frå kr 89 041 000 til kr 94 041 000	5 000 000
	23 (ny)	Digital Norway/Toppindustrisenteret AS, blir løyvd med.....	2 000 000
	30	Miljøtiltak Søve, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 20 200 000 til kr 350 000	19 850 000
	60	Overføring til fylkeskommunane for tilskot til regional næringsutvikling, blir redusert med .....	400 000
		frå kr 15 400 000 til kr 15 000 000	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med .....	2 500 000
		frå kr 38 925 000 til kr 41 425 000	
	71	Miljøtiltak Raufoss, blir redusert med .....	1 900 000
		frå kr 9 000 000 til kr 7 100 000	
	75	Tilskot til særskilde prosjekt, <i>kan overføres</i> , blir redusert med .....	2 000 000
		frå kr 11 900 000 til kr 9 900 000	
	79	Tilskot til Mechatronics Innovation Lab, blir redusert med .....	41 000 000
		frå kr 60 000 000 til kr 19 000 000	
909		Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk	
	73	Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	170 000 000
		frå kr 2 127 000 000 til kr 1 957 000 000	
910		Sjøfartsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med.....	2 400 000
		frå kr 382 162 000 til kr 384 562 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
917		Fiskeridirektoratet	
	22	Fiskeriforsking- og overvaking, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 62 600 000 til kr 68 200 000	5 600 000
919		Diverse fiskeriformal	
	60	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, blir redusert med..... frå kr 8 000 000 til kr 0	8 000 000
922		Romverksemd	
	71	Internasjonal romverksemd, blir redusert med..... frå kr 419 280 000 til kr 411 210 000	8 070 000
	73	EU sine romprogram, blir auka med ..... frå kr 237 200 000 til kr 242 940 000	5 740 000
924		Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram	
	70	Tilskot, blir auka med ..... frå kr 28 316 000 til kr 30 116 000	1 800 000
925		Havforskningsinstituttet	
	22	Fiskeriforsking- og overvaking, <i>kan overføres</i> , blir auka med..... frå kr 139 200 000 til kr 149 800 000	10 600 000
927		NIFES	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 99 143 000 til kr 93 343 000	5 800 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 66 105 000 til kr 71 305 000	5 200 000
	22	Fiskeriforsking- og overvaking, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 13 800 000 til kr 16 400 000	2 600 000
935		Patentstyret	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 238 901 000 til kr 240 901 000	2 000 000
936		Klagenemnda for industrielle rettar	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 7 829 000 til kr 7 979 000	150 000
950		Forvalting av statleg eigarskap	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 23 329 000 til kr 14 229 000	9 100 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2421		Innovasjon Noreg	
	70	Basiskostnader, blir redusert med ..... frå kr 168 989 000 til kr 166 489 000	2 500 000
	74	Reiseliv, profilering og kompetanse, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 514 900 000 til kr 517 400 000	2 500 000
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 41 900 000 000 til kr 46 500 000 000	4 600 000 000
2429		Eksportkreditt Noreg AS	
	90	Utlån, blir redusert med ..... frå kr 12 000 000 000 til kr 3 800 000 000	8 200 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3902		Justervesenet	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med ..... frå 38 188 000 til kr 30 188 000	8 000 000
	03	Inntekter frå sal av tenester, blir auka med ..... frå kr 16 351 000 til kr 21 351 000	5 000 000
	86 (ny)	Overtredelsesgebyr, blir løyva med .....	60 000
3904		Brønnøysundregistrane	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med..... frå kr 500 012 000 til kr 540 012 000	40 000 000
3910		Sjøfartsdirektoratet	
	01	Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR, blir redusert med..... frå kr 185 569 000 til kr 184 169 000	1 400 000
	04	Gebyr for skip i NIS, blir auka med..... frå kr 44 370 000 til kr 48 170 000	3 800 000
3911		Konkurransetilsynet	
	86	Lovbrottsgebyr, blir auka med ..... frå kr 100 000 til kr 12 700 000	12 600 000
3917		Fiskeridirektoratet	
	13	Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar, blir auka med ..... frå kr 10 000 000 til kr 47 000 000	37 000 000
	86	Forvaltningssanksjoner, blir auka med..... frå kr 1 000 000 til kr 3 600 000	2 600 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
3935		Patentstyret	
	02	Inntekter knytt til NPI, blir redusert med ..... frå kr 4 088 000 til kr 3 688 000	400 000
	03	Gebyr immaterielle rettar, blir auka med ..... frå kr 72 003 000 til kr 85 903 000	13 900 000
3950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	96	Sal av aksjar, blir redusert med ..... frå kr 25 000 000 til kr 0	25 000 000
5325		Innovasjon Noreg	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med..... frå kr 41 400 000 000 til kr 46 200 000 000	4 800 000 000
5329		Eksportkreditt Noreg AS	
	70	Gebyr m.m., blir redusert med ..... frå kr 30 000 000 til kr 15 000 000	15 000 000
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir redusert med ..... frå kr 10 700 000 000 til 7 200 000 000	3 500 000 000
5574		Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet	
	72	Kontroll- og tilsynsavgift akvakultur, blir redusert med ..... frå kr 29 600 000 til kr 27 300 000	2 300 000
	74	Fiskeriforskningsavgift, blir auka med ..... frå kr 236 000 000 til kr 254 200 000	18 200 000
	75	Tilsynsavgift Justervesenet, blir redusert med ..... frå kr 46 600 000 til kr 44 600 000	2 000 000
5625		Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg	
	80	Renter på lån frå statskassa, blir redusert med..... frå kr 140 000 000 til kr 115 000 000	25 000 000
5629		Renter frå eksportkredittordninga	
	80	Renter, blir redusert med ..... frå kr 1 800 000 000 til kr 1 730 000 000	70 000 000
5656		Aksjar i selskap under NFD si forvaltning	
	85	Utbyte, blir auka med ..... frå kr 15 701 100 000 til kr 15 719 200 000	18 100 000

## II

## Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 905 Noregs geologiske undersøking, post 01 Driftsutgifter.

## III

## Fullmakt om såkornfond oppretta mellom 2006 og 2008

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2017 kan gje Innovasjon Noreg fullmakt til å:

1. inngå avtale om bytte av forvaltar og godkjenne endringar i samansetning av teamet
2. godkjenne endringar i eit fond sin administrative lokalisering og lokalisering av forvaltar

## IV

## Tilsegnfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2017 kan gi tilsegn om tilskot utover gitt løyving, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gamalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Formål	Samla ramme
900		Nærings- og fiskeridepartementet	
	79	Tilskot til Mechatronics Innovation Lab	41 mill. kroner
2421		Innovasjon Noreg	
	80	Næringstiltak på Svalbard	8,2 mill. kroner





